



Røysterett for alle song i eit prakthus. (Foto: Håvard Skaadel)

Røysterett for alle hadde stor suksess med framføringa av den spesialkomponerte songen i Haugesunds rosa og praktfulle rådhus i ettermiddag.

Songen om røysteretten med tekst av Svein Rimestad og melodi av Maria Malmsten inngikk i det årlege arrangementet Åpent Rådhus og koret song i sjøve storstua i rådhuset. Der var alle stolar opptekne!

Minikonserten inneheldt ellers fleire av dei songane som Røysterett for alle har gjort furore med. Blant dei 9 songane som dei song var også Ei vidunderleg verd og 3 av dei folketonane Maria har laga saman med Svein.

Dirigenten seier til uskedalen.no at konserten var ei svært kjekk oppleving. Det var mykje folk og god akustikk og det vart ekstranummer, også av den spesiallaga songen.

Deltakinga i rådhuset var for koret siste post på programmet under vitjinga i Haugesund, som ellers inneheldt det tradisjonelle haustseminaret. Det gjekk føre seg laurdag og sundag på Rica Maritim. Der hadde dei 3 timar øving saman med den dyktige pianist Irene Simonsen. frå Stord

Slik sluttar røysterettsongen:

*I dette blandakoret er røysteretten klår me
røystar stadig meir for kvart anna år. Sjå,
røystene er samde, me finn at song er bra, tenk
før du ber oss, kan hende du får ja!*

Av Ola Matti Mathisen



Foto: Håvard Skaadel